49	Istadmyrane industriområde, infrastruktur vidare utviding	Totalt ferdig utbygd vil dette koste 54 mill. kr. (iverslag frå 2010). Dette har vore utgangspunkt for pris på tomter. Dersom vi investerer dei 10 mill. kr som alt er løyvd, vil vi kome i gang med utbygginga og kunna selja tomter og byggja vidare for inntekter. Føreset at salsinntekter vert tilbakeført i infrastruktur.
50	Ny brannstasjon	Brannstasjonen på Vetleflaten stettar ikkje lenger behovet kvalitetsmessig og er blitt for liten for dagens aktivitet og nye Voss kommune.
51	Utrykningsbilar brann - utskifting av køyretøy	
52	Uteområde opprusting bustader	
53	Motorsportsanlegg (ikkje kostnadsrekna)	Nytt anlegg for motorsportsaktivitetar. Nytt anlegg vil innebera at dagens aktivitetar i Vanjolo kan leggjast ned og tilbod utvidast til å omfatta fleire aktivitetar – både sommar og vinter.
57	Lagerbygg Istad – samarbeid drift/ og bygg og eigedom	Lagerkapasiteten er liten på Brynavollen og grunna gjennomkøyrings veg er det ikkje høve til avlåsing av uteområdet. Drift og BOE leiger areal på Bømoen. Gjennom å byggje eit lagerbygg/rubbhall på Istad vil ein kunne finansiere eige bygg ved dagens leigekostnader.

7 Oppvekst

Økonomi

Økonomien i avdelinga er stram.

Hovudopptak av barnehageplassar i 2017 er i mål, men truleg får ikkje nyttilflytta tildelt plass dersom dei bestemmer seg no for å flytte til kommunen. Ein småbarnsplass kostar i gjennomsnitt 200 000 kr per år, ein plass for barn over 3 år ligg i snitt på ca 100 000 kr per år. Barnehagane har svært knappe driftsmidlar.

Grunnskulane har stabilt elevtal, det har variert mellom 1730 - 1820 dei siste 10 åra.

Kommunestyret har vedteke, etter førespurnad frå IMDI, at kommunen skal ta imot 190 flyktningar i 2016- 2019, der 22 skulle vera einslege mindreårige. Hausten 2016 nedjusterte IMDI desse tala og kommunene skal no ta imot unge einslege mindreårige i to barnevernsinstitusjonar. Reglane for tildeling av midlar til drift vart endra i januar 2017, og gir kommunen sterk auke i utgifter til desse plassane. Etter gamle reglar var utgiftene sett til ca 7,5 millionar for 22 plassar, medan nye reglar gjev kommunen utgifter på ca 10 mill for 8 plassar. Dette talet har EM-tiltaket varsla kan reduserast noko i 2017, og tal blir lagt fram i samband med kvartalsrapport per 30.6.2017.

Inventar og utstyr i både barnehage og grunnskule bør styrkast, særleg er det som tidlegare år peika på trong for oppgradering av IT-utstyr. Voss ligg her langt under andre kommunar i nivå. Det trengst både styrking via driftsmidlar og investeringar. Fleire skular har starta opp med ein metode for begynnarpoplæring i skriving (skrive seg til lesing; SLT+) som krev tilgjengeleg datautstyr til eikvar tid. Førebels resultat er at elevane knekkjer lesekode tidlegare.

Barnevernet har svært mange tunge saker der mange endar med at kommunen overtek omsorga for barna. Trenden held fram også i 2017. Omsorgsovertaking gir store månadlege utgifter til fosterheim eller institusjonsplass for barn under barnevernet si omsorg. Barneverntenesta og Helsestasjon- og skulehelsetenesta har fått statleg finansierte stillingar siste året på til saman ca 5 stillingar. Om desse øyremerka stillingane held fram etter 2017 veit vi ikkje.

Fellesadministrasjonen/staben i oppvekst merkar auka arbeidsmengd innan sakshandsaming og auka tal klager.

Brukarperspektiv

Folketalsutviklinga aukar i Voss kommune medan barn- og elevtal er stabilt. Tal barn per årskull er mellom 150 - 200. Vedlagt følger oversikt over tal barnehageplassar stipulert per 15.8.2017 fordelt på barnehagar -etter skulekrintsane, og elevtalsprognosen for 2017-2023, basert på tal frå folkeregisteret per mars 2017. Elevtalet aukar ved Palmafossen og Vangen skular, og har gått mest ned ved Skulestad skule.

Voss kommune gir tilbod om barnehageplass til søkjarar med rett til plass, dvs. foreldre som søker plass innan 1. mars for barn som fyller 1 år innan 31. oktober. Det er framlegg frå staten om å utvida retten til å gjelde barn som fyller 1 år innan 30.

november frå hausten 2017. Inneverande år er det plass til alle som har rett på plass. Barnehageplass er det første innbyggjarane spør etter når dei flyttar til Voss. Vi har ledig kapasitet frå august med plassar ved Kløve barnehage (ca 15 plassar) og Hauge barnehage (ca 9 plassar). Dersom desse plassane skal takast i bruk må me ha lønsmidlar til drift.

Det er framleis press på barnehageplassar i sentrum. Årleg har vi mellom 30-90 barn som ønskjer plass gjennom året. Dette er søkjarar utan rett på plass, då dei har søkt plass etter 1. mars eller at barnet fyller 1 år etter 30. november. Administrasjonen vurderer utviding av Voss barnehage med eit tilbygg for å gi plass til fleire barn under 3 år, som ei god brukarløysing. Tilbod til innbyggjarane blir betre ved at fleire søkjarar får plass i barnehage der dei ønskjer. Dersom det blir utvida tal plassar og løyvd auka driftsmidlar, kan søkjarar få plass frå den tid dei ønskjer plass i løpet av året. Det er mange som ønskjer plass, men som må vente inntil eit år.

Frå statsbudsjettet for 2015 er det innført redusert foreldrebetaling i barnehagar for hushaldningar med låg inntekt. I tillegg er det innført gratis kjernetid på 20 timar for 3-, 4- og 5-åringar. Denne ordninga gir barn med foreldre med låg inntekt høve til å nytta ein barnehageplass. Ordninga gir også auka sakshandsamingsmengd og ca 1 million i inntektstap for private og kommunale barnehagar. Dette medfører auka kommunale utgifter til barnehagesektoren, og denne summen er vidareført i perioden.

Bulken og Gjernes barnehagar må prioriterast med investeringsmidlar. Lokala er nedslitne og nybygg bør vurderast. Hauge barnehage har også lite eigna lokale. Frå hausten 2017 er det 7 barn i barnehagen, og spørsmålet blir - kor liten kan barnehagen bli og framleis halde fram med drifta? Det er ledig kapasitet ved Sundve FUS barnehage. Barnetalet på Vossestrand er stabilt.

I samsvar med skulebruksplan er det behov for større rehabilitering ved Skulestad skule, Vangen skule og idrettsfløyen ved Voss ungdomsskule. I tillegg må modulbygget ved Voss ungdomsskule erstattast med ordinære klasserom som del av rehabilitering av idrettsfløyen. Palmafossen skule må ha meir areal og det pågår arbeid for å auke arealet her med nytt modulbygg. Det står att noko utomhusarbeid ved dei tre skulane som har fått større tilbygg (Gjernes skule, Palmafossen skule og Vossestrand barne- og ungdomsskule). Dei øvrige skulane har også behov for utbetringar/vedlikehald og større breidde i aktivitetstilbod på utomhusanlegga.

I statsbudsjettet er det lagt inn midlar for auka lærartettleik for dei yngste. Vossaskulane har fått ein styrke på ca 3,6 årsverk som er fordelt mellom skulane etter tal elevar i 1.-4. årssteg. Vangen og Bjørgum skular deltek i forskingsprosjektet "Two Teachers" som er knytt til lærartettleik på 1.-4. klasse.

I grunnskulane er det auka utfordringar knytt til elevar som har det vanskeleg og som treng ekstra oppfølging i skuletida. Det er også utfordringar knytt til elevar med stort skulefråvær (skulevegring m.m.) som også krev særskilt oppfølging.

Barnevern, Helsestasjon- og skulehelsetenesta og PPT skal samorganisert i samsvar med signal i kommuneplanen. Det blir arbeidd med samlokalisering i leigde lokale av

desse tenestene, saman med barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk på Voss (BUP) som er eigd av Helse Bergen.

Barneverntenesta har i dag ansvar for 34 barn i fosterheimar eller i institusjon. Tenesta har hatt svært mange krevjande saker siste par åra. Innhald i sakene og kva barn kan oppleve i nære relasjonar er skremmande og vanskeleg. Personale står i konfliktsaker over tid.

Ved mottak av einslege mindreårige er det barnevernstenesta som er ansvarleg for tilbodet til ungdomane. Barnevernet vart styrka med 1 årsverk i 2016 grunna auke i mottak av einslege mindreårige. Etersom busetjingsbehovet vart redusert frå 22 til 8 unge, burde barnevernet ha redusert bemanninga med 1/2 årsverk. Administrasjonen har imidlertid ikkje gjort dette grunna det sterke presset som tenesta har for tida. Barnevernet har behov for å etablere vaktordning i helg og høgtidsdagar. Administrasjonen vil vurdere organisering og kostnader før ev. meirkostnader blir lagt inn i budsjettet.

Helsestasjonstenester vart styrka i 2016 på grunn av mottak av asylsøkjjarar i Voss kommune og busetjing av flyktingar, og desse tenestene vert no redusert med samla 1 årsverk ettersom asylmottaket i kommunen vart lagt ned frå 1.5.2017.

Medarbeidarperspektiv

Barnevern, grunnskule og Helsestasjon- og skulehelsetenesta har via statlege øymerka stillingar større aktivitet enn det kommunale løyvingane tillet. Det er usikkert om øymerka midlar blir vidareført i økonomiplanperioden.

Sjukefråværet er redusert i 2017 i høve tidlegare år. Leiarar innan oppvekst rapporterer om at svært lite av sjukefråværet skuldast forhold ved arbeidsplassen, men dei finst. Det er framleis langtidsfråværet som er utfordringa, og det vert arbeid med dette.

Kompetansemidlar til både vidareutdanning og etterutdanning er styrka via statlege tilskotsordningar. Voss kommune styrka sin del av utgifter til vidareutdanning i 2017 både for barnehage- og grunnskuletilsette.

Tal søkjarar til ledige stillingar innan oppvekst er relativt høgt. Unntaket er leiarstillingar der vi tidvis har relativt få søkjarar.

Interne prosessar

Nye Voss kommune vert etablert i 2020. Organisasjonsutviklingsprosessen fram til den ny kommunen er etablert vil bli dominerande i arbeidet framover. I dette ligg også samorganisering av tenester for barn og unge for å sikre meir førebyggjande arbeid.

Barnehagen får ny rammeplan i 2017, og det pågår arbeid på nasjonalt plan for å utarbeide nye læreplanar i alle fag i grunnskulen. Dei nye læreplanane skal implementerast i økonomiplanperioden. Inkludering, djupnelæring og grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving, rekning, engelsk og digital kompetanse blir dei viktigaste

elementa.

Velferdsteknologi innan oppvekst vil vera i utvikling i perioden, og kommunen ønskjer å vera delaktig for å gje likeverdige og god opplæring og utvikling for alle. Her vil mellom anna oppgradering av it-utstyr i grunnskulane vera sentralt.

8 Helse og omsorg

Økonomi

Rammetildelinga er ikkje tilstrekkeleg for å dekke behovet for tenester til aukande brukargrupper og nye ansvarsområder innan helse og omsorg. Kommunalavdelinga har i stor grad dekkja den auka etterspurnaden, men spesielt heimetenesta må vidareutviklast for å dekkja auka behov. Vidare skal me vri fokuset frå reparasjon til førebygging for forhindra eller utsetja funksjonssvikt. Fokus på dette området vil vera med på å moderera behova for meir omfattande helse- og omsorgstenestar på sikt. I eit økonomisk perspektiv vil dette medføre redusert ressursbehov eller at ein handterer auka etterspurnad innan eksisterande rammer. For å kunne realisere dette, er ein nøydt til å styrke ressursar på førebygging i eit 2-5 års perspektiv.

Nasjonale føringar peiker også på at ein må tenka på ein ny måte, spesielt innanfor helse og omsorg, for å handtere utfordringar i framtida. Innovasjon og utvikling må framskundast for å dekkja behovet og etterspurnaden etter tenester framover. Voss kommune er kome godt i gang med dette arbeidet, men nytenking, teknologi og førebygging må også prioriterast i økonomiplan for 2018-2021.

Det er behov for å gjennomføra følgjande tiltak i høve den økonomiske rammetildelinga:

Vidareføring av tidlige tiltak som vart lagt fram i økonomiplan 2017-2020:

Førebygging og aktivitet

Som del av strategi 2015-2025 Morgondagens omsorg i mine og dine hender, skal kommunalavdelinga jobbe for å flytte fokus frå behandling til førebygging og ha god tilgang til førebyggjande aktivitetar. Det er difor behov å styrke både kompetanse og kapasitet innan førebyggjande arbeid. Meirinnsatsen skal føra til utsetjing av pleiebehov og at ein kan tilby tenester på lågast mogeleg omsorgstrinn, men vil krevje ein meirinnsats dei komande åra. Tiltak vil avhenge av brukargruppe, men aktuelle fagressursar vil vera innan ergoterapi, kvardagsrehabilitering, heimesjukepleie eller andre spesialfelt. Tverrfagleg samarbeid og team vil vera naturlege og naudsynte tiltak. Det er ikkje funne rom for å vidareføre tiltaket i 2019, 2020 og 2021. Kommunalavdelinga vurderer likevel at behovet for midlar innan førebygging er svært viktig for å kunna handtera utfordringar som ein vil møta i framtida.

Velferdsteknologi - mottak

For å kunne implementere teknologi som skapar tryggleik og gjer brukarar meir sjølvstendige er det behov for å opprette eit mottakssentral for informasjon og oppfølging av alarmer, signal og oppfølging. Det pågår ein del nasjonale utgreiingar om dette. Ressursbehov vil avhenge av utgreiing og behov. Alternativa for mottak av alarm/sensarar er privat leverandør (eks: alarm 24), eigne mottak/ Interne ressursar eller kjøpe frå spesialisthelsetenesta. Erfaring frå andre kommunar og faglege anbefalingar tilseier at dette er noko kommunen bør ha som eigne mottak. Det bør også vurderast interkommunale løysingar på sikt. Det er ikkje funne rom for å vidareføre tiltaket i 2019, 2020 og 2021. Kommunalavdelinga vurderer likevel at det er

stort behov for dette i åra framover.

Styrking heimetenesta

Veksten i omsorgstenestene har i den siste tida vore relativt stor for dei ulike tenesteområda for eldre. Dette skuldast mellom anna større brukargrupper og -behov, auka forventingar og ein tydeleggjøring av ansvarsfordelinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta som følgje av samhandlingsreforma. Dette inneberer bl.a. at ein større del av behandlingsansvaret no er flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunen, og at det er blitt fleire eldre som har så omfattande behov for tilsyn og at dei har behov for plass i institusjon. Kommunalavdelinga har arbeida kontinuerleg med å finne gode løysingar på utfordringane. Det er behov få betre både kompetanse og kapasitet i heimetenesta for å møte dei nye utfordringane. Behovet dei neste åra vert forsterka av at framskrivingar av folkesetnaden viser at Voss kommune vil ha 100 fleire eldre mellom 67 og 79 år i 2020 samanlikna med 2017. KOSTRA-tal syner også at Voss kommune bør styrke heimetenesta i høve institusjon. Voss brukar ca.60 % av netto driftsutgifter innan pleie og omsorg til institusjon, mot ca.42 % i kostragruppe 11. Voss kommune kan tilby meir kostnadseffektive tenester med å flytte fokuset til meir heimebaserte tenester. Med ei auka ramme vil dei då verta betre rusta til å driva med førebyggjande arbeid samt handtere fleire utskrivingsklare pasientar i heimen.

Auka etterspurnad tenester for menneske med nedsett funksjonsevne

Me ser ein betydeleg auke i behovet for tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. Levealderen aukar som i resten av befolkninga og behovet for auke i tenester er merkbar i frå 50 års alderen. I 2020 har ein 24 personar mellom 50-73 år, i tillegg vert pårørande også eldre og har mindre kapasitet til å ha sine på besøk.

Samtidig ser me at også den yngste gruppa, med behov for avlastning, også aukar. Overgang frå barneskule til vidaregåande fører til større behov for avlastning, 7-8 brukarar vil mest sannsynleg søkja om auke i 2017-2020.

Dagtilbod menneske med nedsett funksjonsevne

I ein 4 års periode er det vurdert at 5 av brukarane treng kortare dagar eller vera heime på dagtid. Samtidig er det to nye kvart år framover som vil ha behov for dagtilbod, dvs. auke på 8 personar fram til 2020. 3 av brukarane som vil vera på dagtilbodet har behov for 1:1 bemanning dei andre 1:2 og 1:3. Dette vil gi behov for 5 årsverk i perioden. Ein har også auke i tal brukarar som bur i eigen bustad utanom fellesbustader, frå 6 i 2015 til 8 i 2016, Grunna at Voss er eit knutepunkt for vidaregåande skule må me forventa 3-4 nye brukarar fram mot 2020. Ein vil også jobba for å ta i bruk velferdsteknologi og kvardagshabilitering for å gi brukarane større fridom, mestring og sjølvstende. Velferdsteknologi kan endra arbeidsmåten vår og frigjera ressursar i eit langtidsperspektiv

Sosialhjelp flyktingar

Flyktingar har rett på hjelp til å komma i arbeid og aktivitet og økonomisk sosialhjelp

på mykje same måte som andre innbyggjarar i Voss kommune. Flyktningar får introløn dei 2 første åra dei er på Voss, nokre får intro løn i eit ekstra år. Kommunen får integreringstilskot i 5 år. Flyktningtenesta vil ha dei største utgiftene gjennom introløn dei 2 første åra. Personar i fødselspermisjon eller som av andre årsaker ikkje kan fullføre intro-programmet vil motta sosialhjelp frå NAV i staden. I løpet av siste året har 3 personar vore i permisjon pga fødsel. Vi reknar med 5 personar med permisjon frå Intro kvart år frå 2016. Dei som har med seg born og får familiegjenforening vil få supplerande sosialhjelp. Dette vil utgjere ca. 1,35 mill.kr per år.

Dersom ein ikkje lukkast med å integrere flyktningane i arbeidslivet vil dei få behov for sosial stønad. I 2016 er det estimert at 30 % av flyktningane 12-15 personar vil ha behov for sosial stønad frå NAV då dei er ferdig med introduksjonsprogrammet, men ikkje har fått jobb. Dette medfører betydelige utgifter for NAV og Voss kommune. Me anslår at halvparten av desse er einslege (7 stk.) og at den andre halvparten er familie med i snitt 3 barn. Det er estimert auka utgifter på 2,35 mill.kr i 2017 som følgje av dette.

I tillegg til venta auke i supplerande sosialhjelp og venta auke i personar som har sosialhjelp som hovudinntekt, treng NAV auka ressursar til å gjera jobben. NAV treng auka delstilling til sakshandsaming av søknadar om økonomisk sosialhjelp. Årsaken er at vi i snitt har 20 nye brukarar på NAV som fylgje av at 30 % av nye flyktningar fell utanfor arbeidslivet. I tillegg treng ein éi stilling til å fylgja opp og vera tett på slik at vi kan motivera og kartlegga desse slik at vi kan få dei i arbeid/aktivitet . Dette vil på sikt redusera sosialhjelpsbudsjettet då fleire koma i ordinært arbeid, og vert difor vurdert som eit førebyggjande tiltak. Erfaring viser og at gruppa også treng oppfølging etter at dei har kome i arbeid/aktivitet for å halda fram.

Omsorgsbustader Voss kommune opplev stor etterspurnad etter tenester frå alle brukargrupper. Dette gjer at ein har stort behov for å bygga omsorgsbustader som gjer det mogeleg for personar å bu i sin eigen heim sjølv om dei har eit bistasbehov. Ein ynskjer derfor å byggje fleire omsorgsbustader for å dekke prekære bustadbehov i dag og framtidige behov som vil koma. Omsorgsbustader vil krevje alt frå heildøgns bemanning til at heimetenesta gir tenester ved behov. Det er størst behov for omsorgsbustader med bemanning i dag for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre med middels-stort pleiebehov.

- Udlabutomta: Byggetrinn 1 kan gjennomførast med eksisterande midlar, jf. økonomiplan 2017-2020. Behov for driftsmidlar til bemanning vil avhenge av ferdigstilling av bygg. Ut i frå kjend kapasitet til prosjektering/styring og innkjøp vil dette tidligast kunne starte seint hausten 2017. Dersom ferdigstilling i løpet av 2019 vil det vera behov for minimum 7 mill.kr årleg med full drift av ca. 20 omsorgsbustader etter det. Av dette er minst eitt bufelleskap for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Lundhaugen: Tomta kan nyttast til omsorgsbustader for blant anna menneske med nedsett funksjonsevne. Kostnadsestimat for leilegheitene: 35 mill.kr. Det er ikkje estimert driftsutgifter då ein må gjere ein heilskapleg vurdering av ulike butilbod. Ein del av driftsutgiftene vil fylgja med frå eksisterande butilbod.

Nye tiltak som er lagt fram i økonomiplan 2018-2021:

Generelt sett er dette tiltak som ikkje kommunalavdelinga kan prioritera vekk utan å redusera drifta i andre avdelingar.

Kostnadsauke legevaktsentral

Legevaktsentralen er lokalisert ved Voss sjukehus, og utgifter til drift av sentralen utgjør i hovudsak sjukepleierressursar. Auke i utgifter for drift av legevaktsentral skuldast auka lønsutgifter. Auka ressursbehov er 700 000 kr årleg.

Naudnett

Kommunane er pålagt å vera med i den nye ordninga om nødnett. Voss kommune har operatørplassar plassert ved legevaktsentralen på Voss sjukehus som er noko dyrare enn venta. Auka ressursbehov er 100 000 kr årleg.

Kommunal legeteneste

For å sikre rekruttering og stabilitet i den kommunale legetenesta har det vore naudsynt med ein auke i lønsnivå for fleire av legestillingane.

Auke i omfang av avlasting (MNF)

Voss kommune opplev ein betydeleg auke i behovet for tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunen vil få 4 nye brukarar allereie i 2017. Fleire av desse er flyktingar som avdelinga ikkje kjende til i førre økonomiplan. Estimert ressursbehov er 1 mill.kr årleg.

Reduksjon sysselsettingsmidlar

Tilsett som kommunen har fått tilskot for i tilrettelagd arbeid går av, og ein må tilsetje ny person utan tilskotsdekning. Behov for auke i lønsmidlar er 300 000 kr årleg.

Miljøingeniør og smittevernressurs

Det er stort behov for å gjennomføra godkjenning av ulike bygg i kommunen. For å gjennomføre dette trengs det ein fagressurs som bistår kommuneoverlege i oppgåva. Totalt ressursbehov er estimert til 500 000 kr årleg. Vedtak frå Administrasjonsutvalet 19.09.16: «Kommunen vil sikra at kommunehelsetenesta har tilstrekkeleg kapasitet til å løysa viktige samfunnsmedisinske oppgåver og at pasientane som i dag soknar til kommunelegekontoret har eit godt medisinskfagleg tilbod».

Ny ressurskrevjande brukar

Voss kommune får ansvar for ein ny brukar med stort omsorgsbehov som har lovpålagt rett til tenester frå kommunen. Ca.1,6 mill.kr.årleg utgjør Voss kommune sin del etter refusjon frå staten.

Eigenbetaling fysioterapitenester

Det er lagt opp til å innføre eigenbetaling på kommunale fysioterapitenester frå 2018, med unntak av barn inntil 16 år. Kommunane har fått redusert sine inntekter gjennom statsbudsjettet, og kan difor frå 2017 innføre eigenandel på kommunal fysioterapibehandling. Storleiken på eigenbetalinga avheng av behandling og

varigheit, men er estimert til 250 000 kr årleg. Takstane føl takstplakaten som er avtalt mellom KS og Fysioterapiforbundet. Dette inneberer at det er same eigenbetaling hos kommunale fysioterapeutar som hos private fysioterapeutar som har avtale om refusjon. Eigenbetalinga er i tråd med strategien «Morgondagens omsorg i mine og dine hender»

Investeringstiltak - velferdsteknologi og tenestebilar

Kommunalavdelinga er nøydt å investera i nytt utstyr og infrastruktur for velferdsteknologi dei neste åra. Det er estimert eit behov på 2 mill.kr. årleg. Dette vert svært viktig for å kunna utsetja pleiebehov og gjera folk trygge og sjølvstendige i eigen heim


Kommunalavdelinga har 42 personbilar til tenesta. Det er behov for å skifte ut fleire av desse årleg. Estimert behov for investeringsmidlar i 2018 er 1,2 mill.kr.

Det er i tillegg lagt fram ei rekkje uprioriterte driftstiltak som ein ikkje har funne rom til med kjende forhold for budsjettamma i planperioden. Eit av desse er Levekårsutvalet si tilråding om lokalproduksjon av middag til bebuarar i institusjon. Årlege driftsutgifter vil auke med mellom 6 og 10.7 mill kr avhengig av løysingsval.

Brukarperspektiv

Folkesetnaden lev lengre, og for dei aller fleste er dette ei positiv utvikling. Med aukande alder kan fleire tilstandar oppstå og fleire tilstandar er mogleg å behandla eller leva godt med, på grunn av nye behandlingsmetodar. Forventningane til helsetenesta likevel er aukande og det er venta at dette fortset. Dei fleste eldre ynskjer å bu i heimen sin så lenge som mogleg, også etter at dei opplever funksjonssvikt. Me ventar også at talet på personar som utviklar demenssjukdom er aukande. Kunnskap innan dette feltet gjev tydelege føringar om at tidleg intervensjon hjå desse brukarane er viktig.

Det er vidare ein auke i tal unge med komplekse problem og nedsett funksjonsevne, som treng ulike former for helse- og omsorgstenester. Dette gjeld aktivitetstilbod, avlasting og ulike butilbod. I Voss kommune er det også høg andel eldre over 90 år, og dette inneber vedvarande behov for institusjonsbaserte tenester for denne gruppa. Største auken i brukargrupper næraste åra vil vera eldre under 80 år, sjå



figur.

Oppsummert har veksten i helse- og omsorgstenestene på Voss den siste tida vore relativt stor for dei ulike tenesteområda. Dette skuldast bl.a. større brukargrupper og

auka forventingar til tenesteytar. For å handtere vidare auke er kommunalavdelinga nøydt til å tenke nytt i korleis tenester vert tildelt og utøvd.

Medarbeidarperspektiv


Bemanninga i fleire einingar vil styrkast som konsekvens av ulike driftstiltak.

Vidare vil kommunalavdelinga ha fokus på å styrka kompetanse til leiarar og tilsette for å kunna handtera utfordringane som ein vil møte i framtida.

Interne prosessar


I planperioden vil ein fokusera på å implementera strategien "Morgondagens omsorg i mine og dine hender" og styrka innsatsen innan førebygging og tenester på lågare omsorgsnivå. Ved å ta i bruk ulik velferdsteknologi vil dette kunne gi rom for å handtere fleire brukarar enn ein har i dag.

Nye butilbod vil truleg etablerast i perioden. Behovet for dette vert underbygga med at Voss kommune har god dekning av institusjonsplassar samanlikna med andre kommunar, sjå figur.



Kommunen ligg lågare enn kostragruppe 11 i dekningsgrad av omsorgsbustader, spesielt for eldre. sjå figur.

Andel beboere i bolig til pleie- og omsorgsformål 80 år og over



Administrasjonen vil difor gjere vidare utgreiingar om behov for omlegging av ulike tenestetilbod. Kommunen har lenge hatt eit udekket behov for tilpassa bustader for personar med nedsett funksjonsevne, psykiske vanskar og rusproblem.

9 Rådmannen sin stab

Økonomi

Den største utgiftsposten til rådmannen sin stab er IT lisensar. Som ein konsekvens av digitaliseringsarbeidet vil det i åra som kjem verta brukt meir pengar på programvare.

Brukarperspektiv

Saman med svært mange kommunar i Noreg, har også Voss kommune digitalt førsteval som si rettesnor i kontakt med publikum. Dette er ein konsekvens av endring i forvaltningslova og eForvaltningsforskrifta. Me vil i planperioden halda fram med å digitalisere fleire delar av vår innbyggjardialog. Avdelinga har som mål at alle skjema sendt til kommunen skal kunne sendast elektronisk innan utgangen av planperioden.

Medarbeidarperspektiv

I den komande perioden vil store delar av rådmannen sin stab arbeide med å førebu kommunesamanslåinga. Spesielt vil dette gå på kommunikasjonsarbeid, og å styrke arbeidet med godt leiarskap og medarbeidarskap.

Interne prosessar

På veg mot "Nye Voss" vil det vera mange IT-prosjekt som skal gjennomførast. Dette vert eit stort og viktig a

10 Kultur og fritid

Økonomi

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det stadfesta at kulturmiljø og kulturminne utgjer eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Vidare står det at; slike verdiar kan bidra til å utvikle attraktive lokalsamfunn og reisemål, og utgjer konkurransefaktorar for etablering av verksemder og val av bustad. Moglegheitene som ligg i verdiskaping basert på natur- og kulturarv kan truleg utnyttast i større grad enn i dag.

Voss er, og ynskjer vera, ei kultur og idrettsbygd. Dette fordrar at kommunen legg til rette for det og støttar opp der det er føremålstenleg for at kulturbygda er slik ein ynskjer og berekraftig på sikt. Den nye kulturplanen er mål- og handlingsorientert og skildrar 220 tiltak for dei neste 10 åra. Når og om dei ulike tiltaka vert realisert avheng av kva økonomiske rammer kommunen har, kva prioriteringar som vert lagt til grunn til ei kvar tid, kva føringar som ligg i andre planar og i kva grad kommunalavdelinga er omstillingsvillige og kreative med tanke på å gjennomføra nyskapande tiltak.

Aukande mengd eldre i kommunen vil innebera at avdelinga lyt halda fram fokus på folkehelse for alle og styrka initiativ som inneber betra folkehelse og kulturtilbod for eldre. Kulturskulen skal moderniserast for å møte behova som er der i dag. Dette kan kanskje kunna klarast innan eksisterande rammer, men eit «kulturløft i kulturskulen» med tilhøyrande innsprøyting av friske midlar ville gjort det heile langt enklare og langt meir synleg. *Mål i kommuneplanen: Kulturskulen skal kunna tilby opplæring innan estetiske fag til mellom 600 - 700 elevar. Veksten må komma innan auke i gruppeundersvisning og med eit breitt tilbod som kan omfatta større elevgrupper. Kulturskulen skal utvida sitt tilbod innan andre sjangrar, t.d. korps og rytmisk musikk.*

Det er vanskeleg å sjå at det skal verta redusert etterspørsel etter nokon tenester, men samstundes ser kommunalavdelinga for eksempel at utekontakten jobbar på anna sett enn før; det er meir stille i gatene på Vangen og arbeidet går no meir mot samarbeidsprosjekt med andre som barnevern/politi/skular etc. Det vert og lagt vekt på generelt førebyggingsarbeid som undervisning i til dømes nettvett/rus. Tenesta er der, men innhaldet vert kanskje endra. Blant anna vert det arbeida med nytt areal til eit nytt motorsportssenter bygd på det tilbodet som har vore i Vangjolo, med moglegheit for å utvide tilbodet til å gjelde fleire typar motorsport.

I kommuneplanen er lista over 20 målsetjingar knytt til kommunalavdelinga sitt ansvarsområde. For om lag halvparten av desse måla er arbeidet igangsatt og/ eller gjennomført. Arbeid som er igangsatt vil halda fram (som arbeidet med å oppgradera Voss gamle kino, styrka kulturhuset somkulturell samlingsarena og det å styrka Voss som festivalbygd). Mål det ikkje er satt i gang konkrete tiltak for å nå, vil krevja omprioritering av ressursar og/ eller auka ressursar. Dei overordna måla i kulturplanen tek for seg eit inkluderande kulturliv, kulturen sin eigenverdi, gode oppvekstvilkår, natur og kulturarv og Vossevangen sin plass i utviklinga av Voss som lokalsamfunn og kulturkommune.

Tiltak på driftssida vil for kommunalavdeling kultur og fritid vera knytt behov for styrka bemanning på kino/kinokiosk. Ynskje om oppauke er knytt til auka aktivitetsnivå på kino/kulturhuset. Det er ynskje om 100% stilling som kulturformidlar/barne- og ungdomsbibliotekar. Dette er eit prioritert tiltak i kulturplanen. Nærare samarbeid med skular, barnehagar og andre avdelingar i kulturhuset krev nye arbeidsmåtar.

Tiltaka som handlar om auka lærarkrefter og nye disiplinær i kulturskulen, vil generera inntekter i form av elevbetaling.

Investeringsbehov 2018 – 2021: Bokbuss 2 mill (2018). Investeringsbehov elles skissert i økonomiplan 2017 - 2020 skal vidareførast i økonomiplan for 2018-2021.

Brukarperspektiv

Med svakt aukande folketalsutvikling vil truleg etterspurnad etter kommunalavdelinga sitt tenestetilbod auka tilsvarande. For fritidsaktivitetar målretta born og unge og initiativ i regi av Vangsgryto og Ungdomshuset er det framleis rom for auka medverknad av nye brukarar. Kulturhus, kino og bibliotek arbeidarar kontinuerleg med å tilpassa seg brukarbehova og å styrka samarbeidet med lokale og eksterne kulturaktørarar for å bidra til gode kulturopplevingar.

Medarbeidarperspektiv

Det er gjennomgåande fokus på å styrka samarbeidet mellom dei ulike kommunaleiningane.

Interne prosessar

Internkontrollarbeidet vert gjennomført i heile kommunalavdelinga. Samstundes vert det fokus på å styrka ferdigheiter innan kommunikasjon - internt og eksternt.

11 Teknisk

Økonomi

"Generelt for kommunalavdelinga

Kommunalavdelinga har forsøkt å leggja seg på ei nøktern line med omsyn til auke i driftskostnader. Det er ikkje lagt opp til særleg utviding av drifta. Hovudfokuset innan drift i økonomiplanperioden, vert å oppretthalda verdien av den kapitalen Voss kommune har opparbeidd innan kommunale vegar, bygg, parkar, idrettsanlegg og utleigebustader. Vedlikehald krev ressursar. Særleg innan vegdrift, men og innanfor bygg og anlegg, ser vi eit etterslep grunna knappe ressursar til vedlikehald over tid. Mange bygg og anlegg er eldre og treng meir vedlikehald og utskifting enn nye.

Bygg og eigedom

Voss brukte 5.200 kroner per innbyggjar til eigedomsdrift i 2016 . Det er 600 kroner meir enn gjennomsnittet i kommunegruppe 11 i høve Kostra-tal. Skilnaden utgjer omtrent 4 millioner kroner. I faste prisar har utgiftene auka med 50 kroner sidan 2013. Utgiftene har i same tidsrom auka med over 100 kroner i gjennomsnitt i kommunegruppe 11. I økonomiplanen har vi saman med øvrige kommunalavdelingar sett på behovet for vedlikehaldstiltak og vil saman med kommunalavdelingane prioritere tiltak innanfor tilgjengelege ressursar i budsjettet. Vidare er det naudsynt å fokusera på økonomien i og med at vi har høgare forbruk på drift av bygga våre enn tilsvarande kommunar.

Samferdsle

Kommunale vegar har fått eit lyft dei seinare år gjennom vegfonda. Utgiftene til vegdrift viser at vi bruker meir enn kommunegruppe 11 til føremålet. I ei analyse utarbeidd av Framsikt har vi fått analysert Kostra-tala for kommunale tenesteområde. Tal frå Kostra-rapporteringa vedkomande drift av dei kommunale vegane i Voss; gav fylgjande konklusjon:

"Kommunale veier er den største tjenesten innen samferdsel. Netto utgifter i Voss var 6 millioner kroner høyere enn gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Det kan komme av mye veier eller høye utgifter per meter vei. Årsaken er antakelig begge deler. Voss har 17 meter kommunal vei per innbygger. Det er høyest blant sammenligningskommunene. Tall for kommunegruppe 11 mangler for 2016. I 2015 var det 13 meter vei per innbygger i kommunegruppe 11. Forskjellen mellom 13 og 17 meter vei per innbygger utgjør omtrent 3 millioner kroner. Brutto driftsutgift per kilometer var 106.000 kroner i 2016. Det er 8.000 kroner høyere enn gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Forskjellen utgjør omtrent en million kroner".

Administrasjonen vil analysere tala og sjå kva som utgjer skilnadane. Det er likevel klart at vi får ein betre økonomi i vedlikehaldet når vegkroppen vert oppgradert. Mange av vegane våre er bygt for heilt andre tilhøve enn behovet vi har i dag td ved langt større trafikk, samt større bilar og lass. Tankbilar, større tømmertransportar,

kraftverktøybygging, store hytte- eller bustadutbyggingar mm. slit på gamle vegar. Mange av dei verste vegane har vi utbetra og vil utbetre med midlar i vegfond. Men vi treng reasfaltering, eit heilt naudsynt tiltak for å ta vare på vegkapitelen. Her kan vi berre nytte driftsmidlar. Reasfaltering kan mange stader lengja levetida med fleire titals år. Med dagens årlege løyvingar til drift, vert det berre unntaksvis ressursar att til reasfaltering når anna naudsynt vegvedlikehald er gjennomført. Med 220km kommunale vegar, er det langt fram til ein kan seia seg nøgd.

Planlegging

Eit nytt tiltak i perioden er eit prosjekt over to år som skal utarbeide ny sentrumsplan, Dette skal vera med å sette Voss i stand til å ta sin del av folketalsauken i Bergensregionen når vi får ny veg og bane til Voss.

Voss Idrettshall

Voss Idrettshall KF har finansiert deler av drifta ved leigeinntekter. Når nye idrettshallar på Voss gymnas og nye Voss vidaregåande vert tekne i bruk og idrettslag får låna desse tilnærma gratis, i alle fall til aktivitet for barn og unge, fryktar Voss Idrettshall KF at det kan bli vanskeleg å få inn tilstrekkeleg aktivitet til å dekke drifta og ynskjer at kommunen aukar tilskotet i form av redusert leige for hallen.

Voss idrettshall KF har teke over ein del av aktivitetane frå Idrettsbygget og vi får auka leigeutgifter utover det vi har hatt på idrettsbygget.

Når Vossabadet vert sett i drift, vert bassengdrifta nedlagt og vi sparer utgiftene til drift. Vidare drift av Friluftsbadet vil krevja investering i nytt vassbehandlingsanlegg samt nye garderobe- og toaletttilhøve med tilhøyrande driftskostnader, noko ein ikkje har lagt opp til i økonoplanperioden.

Det hadde vore kjekt å fullført landskapsforminga for aktivitetsparken og fullført festivalområdet, men dette vart ikkje prioritert i perioden i høve mange gode investeringstiltak.

Brukarperspektiv

Godt vedlikehald av dei kommunale bygga er heilt naudsynt for å få optimal effekt av bygga. Nye bygg krev mindre vedlikehald, men inneheld ofte meir kompliserte varme- og ventilasjonsanlegg som krev god kompetanse og ofte meir oppfølging for å få best effekt ut av anlegga.

Voss kommune ynskjer å auka folketalet og bli eit sterkare regionsenter i indre Hordaland. Dette fører til at trong for areal til utbygging av fleire bustader aukar. Prosjekt ny sentrumsplan skal vise korleis vi skal få til ei fortetting og ei utbygging av Voss på ein teneleg, klimavenleg og framtidretta måte. Eigedomsforvaltning er eit område som er prioritert. Voss eigedom AS og Voss bustadstifting er begge opptekne av utvikling på dei kommunale eigedomane.

Vatn og avløp står framfor store utfordringar. Kommunen arbeider med å få bygt eit reservevassverk i Bømoen. I dag er all vassforsyning i sentrumsområdet forsynt frå Prestegardsmoen. Det er altfor sårbart og vi reknar med, om prøvedrifta held fram med gode resultat, at vi har eit anlegg på plass i løpet av økonomiplanperioden.

Voss kommune er med i eit utgreiingsarbeid i Myrkdalen når det gjeld utbygging av vatn- og avløpsløyser for den vidare utbygginga. Dette arbeidet skal gje kommunen grunnlag for å vurdere kva rolle Voss kommune skal ha i høve utbygging og drift av vatn og avløp for heile den planlagte vidare utbygginga,

Sentrum

Aktivitetesparken og vidare utvikling av strandpromenaden er viktige for innbyggjarane og turistar som kjem til Voss. Det er eit sterkt ynskje at ein gjennom å ferdigstilla landskapet i reguleringsplanen for aktivitetesparken, kan gjera det mogleg for frivillige å arbeida for å byggja ut aktivitetsområdet i tråd med planane.

Ny brannbil på Vossestrand

Brannbilen på Vossastrand er nå vorten 30 år gamal og veteranbil. Med den store utbygginga i Myrkdalen, og stort tal turistar i hytter og på hotell, er det påkrevd med ny brannbil for å trygge innbyggjarane tilstrekkeleg.

Medarbeidarperspektiv

Bygg og eigedom har ansvar for drift og vedlikehald av bygg og eigedomar i Voss kommune. Alle føremålsbygg er til for ulike brukargrupper og tilsette i Voss kommune med krav til arbeidsmiljø og vedlikehald. Tekniske tenester har trong for store investeringar i kommunale bygg og anlegg om vi skal stetta krav frå brukarane. Analyser av Kostra-tal viser at Voss har høge tal m² på føremålsbygga pr innbyggjar samanlikna med Kostragruppe 11. Driftsutgiftene pr m² er om lag på snittet. Konklusjonen til Brox;

Høye utgifter per innbygger til drift av bygg kan komme av mange kvadratmeter per innbygger eller høye utgifter per kvadratmeter. Voss har mykje kommunale formålsbygg, sammenliknet med de andre kommunene.. Det er 7,2 kvadratmeter per innbygger, 1,7 kvm mer enn gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Forskjellen koster 10 millioner kroner. Arealet er høyst blant sammenligningskommunene. Korrigert brutto driftsutgift per kvm var 851 kroner. Det er 75 kroner mindre enn gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Forskjellen utgjør 7 millioner kroner. Korrigert brutto utgift per kvm er i nedre sjikt blant sammenligningskommunene.

I økonomiplanen er det prioritert fleire sekkepostar innan føremålsbygg som brannførebyggjande tiltak, uteområde, oppgradering av toalettanlegg, mindre bygningsmessige tilpassingar for elevar med særskilte behov, mm. I år vil vi prøve, i samarbeid med kommunalavdelingane, å få til ei prioritert liste over tiltak som vert gjennomført så langt midlane rekk. Vidare vil det måtte akseptast at det kan koma

til ting som gjer at tiltak som ikkje ligg på prioriteringslista likevel får prioritet og må gjennomførast av dei same midlane og skuva prioriterte tiltak ut i tid.

Avhending av skulebygg er vorte til gjenbruk/ny bruk i kommunale tenester noko som medfører auke og ikkje reduksjon i drifts- og vedlikehaldsbehovet.

Brann

Tilsyn i 2017 viser at vi ikkje har tilfredstillande tilhøve for brannmannskap og feiarar verken på brannstasjonen på Vangen eller bistasjonen i Myrkdalen. Ny brannstasjon har stått i økonomiplanen i mange år som eit bør-tiltak, men har vore flytta ut i tid. Nå ser ein at dette må koma. Eksisterande brannstasjon er ikkje verken funksjonell eller har plass nok til det personalet som ein får når nyttilsette feiarar og nye Voss kommune er på plass.

Interne prosessar

Det pågår ein prosess i bygg- og eigedomsavdelinga for å optimalisera ressursane utifrå tilgjengelege ressursar og stadig nye oppgåver. Likevel er det trong for fleire hovud til å gjennomføre eit aukande tal byggjeprojekt og drift og vedlikehald av eit vaksande totalareal med bygg. Voss skal vakse og det vil vera trong for både skular og barnehagar, institusjoanar og omsorgsbustader også framover. Investeringsprosjekt skal organiserast anleis under rådmannen, men bygg og eigedom vil som driftar av bygga, vera involvert i dei fleste byggjeprojekta.

Auka fokus på at dei kommunale bustadene held fram. I samarbeid med Husbanken skal Voss kommune organisera arbeidet med bustad for alle på tvers av avdelingar og myndigheitsområde. Betre arbeidsflyt gjennom større grad av samspel mellom avdelingar samt utarbeiding av prosedyrer og rutiner for oppfølging og tenesteyting, held fram.

Bilbruken, innkjøp og organisering, er teke fatt i og vurdert på tvers av kommunalavdelingane. Det er utarbeidd ei ny organisering av forvaltning av bilparken. Truleg vil dette gjera det meir rasjonelt med innkjøp, men målet er å gjera bilbruken meir effektiv og redusera kjøp av nye bilar, men samstundes laga retningsliner for ein tryggare og meir funksjonell bilpark.

Kontinuerleg arbeid pågår med å effektivisera drifta på alle nivå.